



Richard Hansen
Inndalsvn 99
5063 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6049 - 15/6795

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
12.05.2015

Utsleppsløyve for bustad - gbnr 214/227 Fyllingsnes.

Administrativt vedtak. Saknr: 110/15

Tiltakshavar: Richard Hansen
Ansvarleg søker: Hedalm Anebyhus AS
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve i samband med søknad om oppføring av bustad på gbnr 214/227. Avlaupet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD 5 N PEH, før det vert ført vidare til bekk. Anlegget skal gravast ned. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vart i vedtak datert 20.12.2010 gitt utsleppsløyve for bustad på eigedomen, jf arkivsak 2010/2039. Då det er meir enn 3 år sidan løyvet vart fatta må det no søkjast om nytt utsleppsløyve.

Det vert elles vist til søknad mottatt 09.02.2015.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til bustadføre mål. Det er gitt dispensasjon frå punkt 1.1 i føresegnene til kommuneplanen, som gjeld plankrav, i vedtak datert 12.05.2015.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.



Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 09.02.2015, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

Reinseløysing

Kloakkutsleppet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Anlegget tilfredsstillar NS-EN 12566-3. Omsøkte reinseanlegg stettar krava til utsleppsstad i følsamt/normalt område med brukarinteresser.

Privatrettslege tilhøve

Utsleppsleidningen frå anlegget skal førast gjennom den kommunale vegen og til bekk med heilårsvassføring inne på gbnr 214/3.

Det ligg føre tinglyst avtale om plassering av stikkleidningar for vatn og avlaup og eventuelle naudsynte kummar på eigedomen gbnr 214/3.

Vegstyresmakta har i skriv datert 10.03.2015 gitt graveløyve i offentleg veg.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova. Tiltaket vert handsama som del av søknaden om løyve til oppføring av bustad.

VURDERING

Kommunen er kjend med at det er knytt utfordringar til avlaupssituasjonen i området. Det er ikkje utbygd kommunal kloakk i området. Avlaup frå eigedomane vert reinsa i private enkelt- eller fellesanlegg av ulik alder og tilstand. Etablering av nye utslepp i området bør ideelt sett skje gjennom felles planlegging for heile området og ikkje gjennom enkeltsaker.

Omsøkte avlaupsløysing stettar strengast krav til reinsing og kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre på vilkår av at det vert sett krav til etterpolering for å hindra slamflukt (t.d. kum med lecakuler) før utsleppet vert ført til bekk med heilårsvassføring.

I følgje munnleg melding frå vegstyresmakta bør avlaupsleidningen til bekk førast litt lenger nordaust enn situasjonskartet viser då høgdeskilnaden mellom veg og bekk er noko større her.

Serviceavtale for drift og vedlikehald skal liggja føre før det vert gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest.

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for 1 bustad, inntil 5 pe, i samsvar med søknad mottatt 09.02.2015 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg med etterpolering før det vert ført til bekk med heilårs vassføring. Anlegget skal plasserast slik det er vist på kart mottatt 09.02.2015.
2. Reinseanlegget skal plasserast slik at det kan vedlikehaldast og driftast av godkjend føretak.
3. Det skal dokumenterast er det er inngått serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget før det vert gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest for tiltaket.
4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjevne i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova medfører ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet bort. Om utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det sendast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphør av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegget si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3	Utslepp < 50 pe	1	Kr 5 600,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 600,-

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/6049

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

